

ANNIKA OSKARSON OG THOMAS NORDSTRÖM

Svensk kunstnarpar som har utdanninga si frå glas- og keramikklinja på Stockholm Kunstfack. Dei har lang erfaring i kunstprosjekt i offentlege rom. Dei arbeider ofte med materialar som tålar å stå ute og ofte med lys. I arbeidet med verket til helsetunet har dei teke utgangspunkt i treet, livets tre og naturen, og korleis menneske eldast frå barn til gamal. Treet som symbol på naturen i Valdres og på livet, som er så kort. "Kven er eg i verda", spør dei. Livets tre er eit sentralt livssymbol i mange kulturar.

Eit mytisk begrep, ein kulturell arv og eit motiv i mange religionar, kunst og filosofi.



Foto: Thomas Nordström / Annika Oskarsson

KNYTETEPPET

Motivet er nattverden, det kjente måleriet av Leonardo da Vinci. Det var to systre Damstuen som knytte dette store teppet som gåve til gamle sjukeheimen.



Helsetunet skal dekke mange funksjonar knytt til menneske, frå liv til død, frå offentlege areal til private og intime bebuar-rom. Senteret skal brukast på tvers av generasjonar og framstå som ein trygg og god stad å vere. Helsetunet er ein heim, og samtidig ein arbeidsplass for over 100 personar.

Både ny kunst og dei eldre arbeida frå den gamle sjukeheimen skal fungere harmonisk saman og framstå som ei heilheit. Uttrykk og motivval skal vere gjennomtenkt, og det skal vere variasjon av kunstneriske uttrykksformer, materialar og teknikkar. Kunstverka bør ha referanse både til fortid, notid og framtid. Tilknytning til nærmiljø og lokal historie er vektlagt, samt hensyn til haldbarheit, reinhald, drift og vedlikehald, og sist men ikkje minst, at det er bra for miljøet. Kunstutvalet har bestått av representantar frå byggherre, helsetunet, lokale kunstnarar, eldrerådet, brukarrepresentantar, kommunen og kunstfagleg konsulent.

Meir om kunst i Øystre Slidre Kommune:



KUNST

Øystre Slidre Helsetun

Kunsten ved helsetunet skal kommunisere med ulike aldersgrupper, menneske i ulike livssituasjonar og med ulik kulturbakgrunn. Kunsten skal ha gode visuelle kvalitetar. Materialbruk, form og gjenkjenning skal vektleggast. Kunsten bør ha noko universelt og tidlaust ved seg for å behalde sin aktualitet. Kunsten skal ikkje verke foruroligande eller vere til hinder for bevegelegheit.



KNUT OLAV DOKKEN

Kommunen ønskte eit større tredimensjonalt verk utanfor inngangen til helsetunet. Eit samlingspunkt som definerer Heggnes som sentrum og ein møteplass med siteplassar. (Sjå bilete framside).

I prosjektet skulle kunstformidling, samarbeid og deling av kunnskap vektleggjast. Bruk av lokale materialer vart nytta i den grad det var mogeleg, som laft, skifer og traktorseter. Teikningar av barneskuleborn har kunstnaren rissa inn i "skifer-plater". Det er eit mål at fleire generasjonar og kulturar skal kunne kjenne eigarskap til verket, og at kunnskap skal kunne førast vidare til dei unge i bygda.

Kunstnar er Knut Olav Dokken. Han er utdanna ved Statens håndverks- og kunstindustriskole og brukar ulike materialer og set saman. Han driv Dokken Atelier og Kunstsmie i Lomen.

GUNNAR RØRHUS

Fødd i Øystre Slidre, målar og bilethoggar. Han teikna, måla og arbeidd med stein og tre, fyrst og fremst portretthovud og byster.

Her har vi ei kolteikning i ein serie på fem.



RANDI LILIEQUIST

Randi Liliequist er biletkunstnar/tekstilkunstnar utdanna frå Kunsthøgskolen i Oslo (SHKS). Ho jobbar hovudsakeleg med stofftrykk-monotypi, applikert collage, teikning og installasjon.

Arbeida er laga i kjærleik til menneska, inspirert av vakre omgjevnader i Øystre Slidre mellom lågland og høgfjell. Dei to stofftrykk-monotopierane er spesiallaga til seremonirommet, der dei pårørande tek avskjed med nyleg avdøde. Kunstverka skal spegle følelsar dei sit med, det skal vere noko å kvile blikket på, slik at hjarte og sinn kan flyte inn i ein rolegare tilstand.

RALPH AULIE STYKER



Ein av dei fremste kunstmålarane i Valdres. Han utvandra frå Canada og busette seg i Valdres. Han hadde ein stor produksjon, og hjå oss er det måleri av Valdres-natur, gardstun og interiør.



BEATHE C. RØNNING

Kunstnaren arbeider med ei rekke medier, som fotografi, tekst, installasjon og video. Beathe har lang utdanning og erfaring med kunst i det offentlege rom. Ho har reist rundt med kamera i eit heilt år og fotografert. Fokus har vore å fange fargane i møtet med bygda og det livet som blir levd her.

Med desse verka har Beathe samarbeidd med fleire, bl.a. Dag Tore Nordtorp.

LYNN HEGE MYRVANG

Måleria hennar med motiv frå bygda, med støl, fjell, dyr og landskap har skapt stor glede og beundring.

Lynn Hege er sjølv lært og har eige atelier og utsal på Heggnes. Ho driv mykje med gjenbrukskunst og arbeider med ulike materialar. Ho er representert med mange ulike verk på Helsetunet.

